


# SKJERVHEIMSEMINARET

13.-15. september 2019

Stalheim hotel

Voss



## MOT OG OVERMOT

Mot er ei av dei fremste dygdene i den klassiske etikken. Ovmot heiter på gresk «hybris» og på latin «superbia». Motsetninga mellom det å vera modig og å vera ovmodig er utgangspunktet for dei tema vi skal drøfta på dette seminaret.

### FREDAG 13. SEPTEMBER: KL. 19.00–20.30

**Fredrik Thue:** Skjervheimførelinga 2019: Pietisme, profesjoner og «den pedagogiske staten»: Historiske refleksjoner om opphavet til den norske velferdsstaten.

### LAURDAG 14. SEPTEMBER: KL. 09.00–18.15

**Ebba Boye:** Overmot i økonomifaget – og behovet for kritisk reformasjon.

**Arne Johan Vetlesen:** Krisen i relasjonen mellom menneske og natur.

I lunsjpausen vert det høve til og til å gå turar eller å få omvising i museet på Stalheim.

### Utdeling av **Skjervheimprisen 2018**

**Lena Lindgren:** Sansene som nye markeder.

Konsert med Gabriel Fliflet og medmusikantar.

### SUNDAG 15. SEPTEMBER: KL. 09.00–12.15

Song ved **Ellen Marie Selland Geithung.**

**Espen Stueland:** Eilert Sundts farlige kunnskap.

**Andreas H. Hvidsten:** Avsluttande kommentar.

### PRISAR OG PÅMELDING:

**SEMINARAVGIFT:** Kr. 1200 per person. Student kr. 500. Seminaret har studentstipend som studentar kan søkja på, sjå nettsida vår.

**PÅMELDING** via vår nettside, ev. per e-post eller post. Påmelde får tilsendt faktura for seminaravgift.

**OPPHALD PÅ STALHEIM HOTEL** frå fredag til søndag med full pensjon og festmiddag kostar kr. 3400 på enkeltrom / kr. 2700 per pers. på dobbeltrom. Studentpris er kr. 1650 per pers. på dobbeltrom. Seminaret reserverer plass, og den einskilde må sjølve gjera opp med hotellet.

**OPPLYSNINGAR:** Sjå vår nettside for presentasjon av føredragshaldarane og anna informasjon om seminaret.

E-post: skjervheimseminaret@gmail.com Postadresse: Skjervheimseminaret, c/o Arneberg, Finnesvegen 21, 5704 VOSS.

[WWW.SKJERVHEIMSEMINARET.NO](http://WWW.SKJERVHEIMSEMINARET.NO)

## Føredragshaldarar og programinnhald:



**Fredrik Thue** er professor ved senter for profesjonsstudier, OsloMet. Thue skal ha Skjervheimføreslesinga dette året. Han vil presentera ei nytolking av det historiske samanhengen mellom protestantisme, profesjonar og velferdsstat, med utgangspunkt i eit forskingsprosjekt han arbeider med for tida. Til sist vil han setja denne tolkinga i samband med kritikk av teknokratisk ekspertstyre, - eit av dei viktigaste elementa i arven frå Skjervheim.



**Ebba Boye** er samfunnsøkonom og leiar for Rethinking Economics Norge. Ho arbeider også som skribent og føredragshaldar, har m.a. fast spalte i Klassekampen. I sitt føredrag skal ho snakka om behovet for fornying i økonomifaget. Ho vil visa døme på overmot i faget, og manglande vilje til å tenkja kritisk om innarbeida teoriar i tider med nye utfordringar, som t.d. finanskrisa i 2008, og ikkje minst i høve til klimakrisa og overforbruk av knappe ressursar.



**Arne Johan Vetlesen** er professor i filosofi ved Universitet i Oslo. Han har arbeida mykje med etikk og sosialfilosofi, og har i mange år vore særleg oppteken av menneska sin respons på klimakrisa og overforbruk av naturressursar. Tittel på hans føredrag er «Krisen i relasjonen mellom menneske og natur». Han vil snakka om muligheiter for å bryta den destruktive spiralen, og om kva som kan skapa håp for framtida.



**Lena Lindgren** er politisk redaktør i Morgenbladet. Føredraget hennar handlar om teknologisk hybris og menneskesyn i samtida, som er eit tema ho har arbeida mykje med. Ho har sett på verdien av sansane, og den kommersielle interessa for det menneskelege sanseapparatet. Ho peikar på at den nye forma for kapitalisme vil annektera sansane som nye marknader, og det å vera eit fritt menneske vil vera å eiga eigne sansar. Ho diskuterer ulike samfunnsmessige utslag av denne situasjonen.



**Espen Stueland** er forfattar og litteraturkritikar, og kjem med ei bok om Eilert Sundt (1817-1875) i år. Gjennom sine 20 år som forskar skulle Sundt totalt endra synet sitt på kva folkeopplysning kunne brukast til. Som ingen hadde gjort før han, kartla han levekår og skikkar til småbøndene, arbeidarklassen og dei fattige. I starten såg Sundt seg sjølv nærmast som ein emissær for opplysningsprosjektet, men med aukande innsikt i korleis folk levde, endra han verdisyn. Han kom fram til at eliteklassane, med sitt nedvurderande syn på folket, i vel så stor grad trong å verta opplyst og realitetsorientert. Dette vart ikkje tatt godt imot. Forsøket på å korrigera fordømmar og idealbilete skulle få store omkostningar.



**Andreas H. Hvidsten** er statsvitar og er postdoktor ved Meninghetsfakultet. Han bidreg også i Skjervheimseminaret sin programkomité. Han skal ha ein avsluttande kommentar på seminaret, med utgangspunkt i føredrag og ordskifte under seminaret.



**Gabriel Fliflet** er ein folkekjær musikar frå Bergen, som arbeider med ulike former for folkemusikk. Med trekkspel og song skapar han originale og vakre melodiar, som understrekar teksten. Også i år skal han ha konsert på Skjervheimseminaret, saman med musikarar han arbeider med.